



Teikning: Pixabay

Spelereglar til jolememory

Korleis bruke korta?

Korta er laga med tanke på at ein skal kunne bruke og synleggjere fleire språk i bornehagekvardagen når ein spelar spel. Alle korta har bilete av jole-/vinterord med tekst på norsk og eit anna språk. Nokre av språka som ikkje har latinske bokstavar er òg skriven lydært slik at ein kan seie orda utan å kunne lese til dømes arabiske bokstavar. Eit nyttig tips er å byrje med omgrep som borna kan frå før òg leggje til nye kort etter kvart. Til dei minste borna kan det halde å byrje med to eller tre bilete. Det er lagt ved nokre ekstra ruter slik at ein òg kan leggje til eigne bilete eller teikningar. Ofte synast borna det er ekstra spanande å trekkje eit bilete av seg sjølv, ein ven eller foreldra. Borna kan òg ta eigne bilete eller teikne og på den måten vere med på å påverke kva for ord som skal vere med i spelet. Foreldra kan òg bidra med bilete frå sin heim og oversetting av ord. Me anbefaler å laminere korta før bruk.

Korleis spele?

Memory:

For å spele Memory må ein skrive ut dobbelt sett av korta og klippe dei ut. Korta ein ynskjer å spele med leggst utover med billedsida ned. Meininga med spelet er å få flest mogleg par. For å klare dette må ein hugse kor dei ulike billedkorta ligg og forsøkje å trekkje to og to like.

Ein og ein spelar snur to valfrie kort. Korta skal snuast slik at alle kan sjå kva det er bilete av på korta og deltakarane seier kva ordet heiter på morsmål og norsk. Om korta har same bilete, har spelaren fått eit par som leggst til side. Om korta ikkje har same bilete, skal dei snuast tilbake att. Spelet fortsett heilt til alle para er funne og den med flest par har vunne.

Lotto:

For å spele lotto må ein skrive ut dobbelt sett av billedkorta og klippe ut den eine halvparten. Den andre halvparten brukar ein som speleplate/brett. Korta som er klippa ut leggst utover og kvar spelar får kvar si speleplate. Alle spelarane trekkjer eit og eit kort og det er om å gjere å finne korta som tilhøyrrer sin eigen speleplate fyrst.

Alias:

For å spele Alias må ein skrive ut eit sett med bilete og klippe dei ut. Alias er eit billedforklaringsspel der ein skal forklare og gjette ord, og er difor god hjelp til å trene på å forklare. Korta leggst i ei bunke og ein og ein trekkjer eit kort kvar og forklarar kva det er bilete av til dei andre deltakarane utan å sei sjølve ordet. Det gjeld å forklare ved hjelp av synonymar, antonymar eller andre måtar slik at dei andre spelarane gjettar kva ordet er. Ein kan til dømes sei «mann med skjegg og raud lue» om kortet med bilete av ein jolenisse. Deltakarane som klarar å gjette flest kort vinn.



Teikning: Pixabay